



Notat

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Rådmann/Trine Pettersen Grønbech
Vår referanse: 15/907 - 14 / FE - 401, FA - M80
Dato: 02.12.2015

Emne: Referat frå drøftingsmøte vedrørende mogeleg administrativt vertskommunesamarbeid med Bergen brannvesen

Det vert synt til brev frå Fagforbundet v/HTV 18.11.2015 og 23.11.2015 samt brev frå rådmannen 23.11.2015, 27.11.2015 og 30.11.2015. Drøftingsmøtet fann stad 02.12.2015 på rådmannens kontor mellom HTV Fagforbundet Bente Hesjedal og rådmann Trine Grønbech.

Møtet omhandla sak om mogeleg administrativt vertskommunesamarbeid med Bergen brannvesen som er fremja for politisk handsaming, jf Hovudavtalen (HA) §§ 1-4-3 og 3-1.

Partane er samde om at dette er eit drøftingsmøte, ikkje forhandlingar. Det vert skrive referat frå møtet.

Innleiingsvis omtalte partane også brev frå Fagforbundet v/HTV av 11.06.2016 vedrørende pilotprosjekt for Bergensalliansen – ny organisering av brann- og redningstenesta

Fagforbundet har notert seg rådmannen sitt svar av 27.11.2015 og seier seg nøgd med svaret. Det vert forventa vidare informasjon og drøftingar når saka kjem så langt, slik rådmannen viser til i sitt svar.

Rådmannen vil oppdatere rutine for sakshandsaming for politiske utval.

Sak om mogeleg administrativt verskommunesamarbeid med Bergen brannvesen

Fagforbundet uttrykte følgjande moment dei meiner er viktige i saka:

- Brannvernet i Vaksdal har og har hatt samarbeid med Bergen brannvesen over lang tid.
- Dei får tilbod om utdanning og kurs jamnleg, dei får nytta fasiliteter t.d. til røykdykking når dei søker om det, treng ikkje ei formalisert avtale for det.
- Brannvernet i Vaksdal mister økonomisk styring/kontroll over budsjettet.
- Kan mista alternativ til opplæring/kurs.
- Meirkostnad koordinator.

- Lokal brannsjef har kompetanse og kunnskap om mannskap, kommunen og innbyggjarar som er viktig å ta vare på i ein beredskapssituasjon og etterpå .
- Fagforbundet ynskjer eit brannvern som har den kompetanse og får dei øvingar og utstyr som er nødvendig for å utføra den viktige oppgåva dei har, men kostnadsbiletet i brannvernet må og sjåast på i høve andre einingar i kommunen.
- Fagforbundet ser og på dette forslaget til samarbeidsavtale som ein del av sentraliseringa som den noverande regjeringa har sett i gang der utkantane stadig mister oppgåver og stiller spørsmål om dette er ein del av kommunesamanslåing med Bergen.

Rådmannen lytta til argumenta og viste til at dei fleste har vore med i vurderinga.

Forholdet til sentralisering og kommunestruktur har ikkje vore tema, berre dei fagleg vinstane ved eit samarbeid jf dei dokumenta og prosessane som det er vist til i saka.

Det vart elles vist til argumentasjonen i heile sakskomplekset, mellom anna:

- Økonomisk er det ikkje noko venta vinst men sterke faglege vinstar, også som prioriteringsgrunnlag.
- Lokal kunnskap og kompetanse er viktig og har vore ein sentral føresetnad bak framlegg til avtale.
- Heilskapeleg kompetanse har vore viktig å få fram og styrke styringa av, slik at lokal kompetanse vert supplert av krav til spesial kompetanse og kompetanse i høve dei verkeleg store hendingane. Dette er kompetanse som det er vanskeleg å forventa at kommunar på vårt storleik har og som samarbeidsavtalar ikkje tilstrekkeleg vil sikre.
- Rådmannen viste også til forventa effekt på det førebyggjande arbeidet, der kommunen har mykje å hente.

02.12.2015

Ref: Trine Grønbech